



## ÅRSMELDING FOR AURDAL HISTORIELAG FOR ÅRET 2024

Styret i 2024 har vore:

Leiar: Vigdis Østgård 2024-2025 – ansvar: Landbruksreidskap og verktøy

Nestleiar: Erna Jordet 2024-2026 – Medlemshefte og krigsminne

Kasserar: Audun Bratrud 2023-2025 – Gamle kjøretøy

Skrivar: Anne Marit Lien Framnes 2024-2026 – Aslak Olson Lie, bokforvaltar

Styremedlemmer: Jon Bratrud 2023-2025 – Gamle bygg og møblar

Arne Bergmål 2023-2025 - Valdresbanen

Anders Nygård 2023-2025 – Skog og skogsdrift i gamle dagar

Vararepresentant Elisabeth Kværne.

Krigsminnegruppa: Leiar Ronny Opheim. Erna Jordet held kontakta med styret og er skrivar for gruppa.

Valgkomite: Erik Onstad (2023-2025) og Wendy Hagebråten (2024-2026)

Revisor: Lage Westerbø 2023-2025)

Jon Bratrud har representert Aurdal historielag i styret for Stiftelsen Frydenlund, med vara Elisabeth Kværne. Erna Jordet har site i Arbeidsutvalget for Stiftelsen med Jan Erik Nordlund som vara. Jon Bratrud har representert Aurdal Historielag i styret for Valdres Historielag.

Anne Marit Lien Framnes var også i 2024 bokforvalter for Valdres Historielag på Valdres Folkemuseum.

Laget har i 2024 hatt 97 medlemmer. Vi har i 2024 halde 4 styremøter, - eit saman med Stiftelsen Frydenlund, samt Årsmøtet.

Krigsminnegruppa har halde 2 møter, men elles kontakt på e-post og telefon.

## Arbeidsprogram 2024:

- Årsmøtet vart halde 12. mars 2024.
- Eit info-skriv med arbeidsprogram vart lagt i kassene til alle som ikkje har e-post i Aurdal sokn.
- Ordførarane i Valdreskommunane la ned blomar ved minnestøtta over falne ved Aurdal kirke den 8. mai. Tre representantar frå historielaget deltok. Vi møtte også ved minnestøtta over Nils Slåtto i Tisleidalen.
- Det vart også i år lagt ned blomar på Krigsminnestøtta kl 8 den 17. mai. Blomar også på Bolleng-grava og Olav Moe-bautaen. Tre fra historielaget deltok.
- Jon hadde med seg to arkeologar frå Lillehammer, som var med og såg på to 1-2 tusen år gamle jarnvinneanlegg ved Diserudstølen.
- Jon har også brukt metalldetektor og funne att det meste av gamle leia på Bjødnastigen, som før tok opp ved krossbanen i Synnvøll. I dag er stigen skilta frå om lag 100 m sør for gamle dynga i Liaskogen.
- Amerika-besøk av Erik K. Frydenlunds slektningar, med gaiding, museumsbesøk og middag ved Odd Sagbråten.
- To gaid-opplegg med norsk-amerikanere ved Erna Jordet.
- Frydenlunddagane gjekk for seg 9-11. august. Godt besøk på Arne Paus-utstillinga og presentasjonen av Fredrik Dieserud si bok. Erna og Audun var omvisarar i gamle Aurdal. Det vart heller få som deltok på sommarfesten i partyteltet laurdagskvelden, men fin musikk og god stemning. Det er tale på å gjera nytt forsøk med dansetilstelning.
- Erna og Anne Marit stilte på Byfesten Skifterplassen den 7. september og presenterde historielaget vårt. Vi gjorde også ein innsats for å selja bygdebøkene for Nord-Aurdal.

Nord-Aurdal sin kulturpris vart ved same høve tildelt Ola Helge Fløene. Vel fortjent!

- Den 29. juli vart det endeleg tur med om lag 25 interesserte til St. Olav-kjelda «som spring opp ord harde berget». Mange smakte på kjeldevatnet som var kaldt og godt, men var forundra over kor liten kjelda var. På tur ned til bygda att var vi oppom Funden-holo. Ein som «vart funden» som lite barn og vart teke hand om på garden Kringle i Etnedal, held ei stund til i denne hola. Fleire var inni der og filma med mobilkamera.
- Nokre av oss var med Knut Huset opp til husmannsbruket «Gakkatt» også.
- Informasjonstavla om Tungtvannsruta gjennom Valdres vart sett opp på parkeringsplassen ved Aurdal Fjellkirke i september. Krigsminnegruppa gjorde jobben.
- Den 31. oktober var det premiere på Sønsteby-filmen «Nr 24» på Kulturhuset. Kulturkontoret og avisa Valdres hadde eit opplegg rundt

filmen. Krigsminnegruppa fekk 15 minutt til rådigheit for å fortelja om vårt arbeid med krigshistorie,- hovedsakeleg Tungtvannssabotørane og Krigsminnetavlene. Hovedfokus var på Kristian Bergsund som har vore ein hovedformidlar av krigshistoria til elevar og turistar i Valdres.

- Vi var med å rydda langs vegen ned til Åbjøra mølle. Reidun hadde annonsert, så etterpå var det kaffe og kringle saman med andre frammøtte som vilde sjå på anlegget.

Styret sitt forslag til arbeidsprogram i 2025:

### Krigsminnegruppa

- To informasjonstavler om krigen i Valdres 1940 er ferdig til trykking. Når tælen er gått ut av jorda skal dei vera klare til oppseting,- ei ved Nordaker og ei på Åbjør.
- Skilting av Tungtvannsruta frå Roasetre/Kvitingen/Eivastølen står att. (*Samarbeid med Sør-Aurdal historielag*). Sabotørruta frå Nystøltjednet til Bonset har vi gått opp, og dette skal merkast. Likeså gjennom Vestringsbygda, Aurdal, mot Slettatn og Etnedal. Skilt med påskrift «Sabotørruta» er klare i slutten av mars, og skal setast opp til våren. Vi håper på hjelp med arbeidet!
- Aurdal historielag held fram samarbeidet med krigshistoriker Knut Werner Hagen og representantar for flere Valdreskommunar om å få anlagt eit Krigshistorisk Landskap i Valdres.
- Vi vil pynte ved krigsminne-støtta i forkant av den 8. mai, og nokon vil representere historielaget denne dagen. Frigjeringsjubileet håpar vi å kunne feire med ein triveleg kveld på Frydenlund.
- 17. mai vil vi som før legge blomar ved minnestøtta over falne kl. 08.00, og ved bautaen til Olav Moe og dyrlege Bolleng si grav.
- Vi held fram samarbeidet med Reidun Dølehuset om eit opplegg rundt Åbjøra Mølle i juni 2025.
- Historielaget jobbar også for, i løpet av sommaren, å laga til eit eige opplegg rundt Utvandrerjubileet! Kanskje stolpejakt til husmannsplasser, der folk utvandra til Amerika.
- Arne Jørgen Bergmål tek imot informasjon og historier om Valdresbanen og livet rundt den. Mailadresse: [arne.bergmål@icloud.com](mailto:arne.bergmål@icloud.com)
- Anders Nygård, mailadresse: [Anders\\_n@hotmail.no](mailto:Anders_n@hotmail.no) vil gjerne ha historier og anna som gjeld arbeidet i skogen før i tida
- Aurdal Historielag vil vera medarrangør på julemarkedet på Frydenlund.
- Som før vil vi lage to historielagshefter til medlemmene våre.
- Sommaropplegg på Frydenlund?
- Sommertur i nærmiljøet, eller busstur?

Styret, Aurdal historielag